



TOKKE KOMMUNE

NÆRINGSAVDELINGA

PRESSEMELDING.

Hjortejakta er avslutta og vi blir flinkare etter kvart til å jakte på dette hjorteviltet. Framleis vert sett av for lite tid til denne jakta og organiseringa er mangelfull.

Dette er ei individuell jakt og jaktlaga må finne ei anna organisering på jakta slik at enkelt jegerar kan ut å jakte åleine. Det er vanskeleg å organisere, men det er det som gjev resultat. Ein del jaktlag er no i ferd med å bli gode hjortejegerar.

Kvota i 2013 (12) var på 180 (156) dyr, +38 i høve til 2012. Vi held fram med justering på tildelinga. Reduserte kvota på dei som aldri jaktar og auke kvota på dei som jaktar og oppnår felling.

Dei som jakta dårleg i 2012 fekk redusert kvote. 38 % felling var toleg bra.

Ein del jaktlag har kome dit at dei skyt for mykje store hanndyr. Det held fram i 2013 Dei ser no resultatet ved at ein pulveriserer stamma og både fekk og såg lite dyr i haust. Dette blir utfordringa til jakta til hausten. Jaktlaga kan skyte 1 eller kanskje 2 store hanndyr (på dei største laga) og resten mindre dyr og kalv.

Det er i 2013 felt 44 dyr – 60 dyr i 2012. Fellingsprosent i 2013 på 24 % - 38 % i 2013. Skuffande resultat, men 2012 var eit relativt godt år, i 2011 var det 18 % .

Det vart felt 10 kalv -3 hanndyr 1,5 år – 23 bukkar eldre -8 hindar

Neste år vert det tildela kvoter som kalv –spissbukk- eldre hanndyr og eldre hodyr. Då vil ein ikkje kunne skyte bar store hanndyr som vi ser er ein liten tendens til. Grunnlaget for dette er endra forskrift våren 2012.

Dalen 21. februar 2014

Sverre Bakke
skogbrukssjef